



# NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION

## - NKR

ÅRSMELDING 2022

NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseutvikling innan skule - og barnehagesektoren, PPT og vaksenopplæring.

Forfattar: Siri Øksnes

## Innhald

INNLEIING.....	2
MÅLSETJING.....	2
STYRET.....	2
STATUTTAR.....	3
SEKRETARIATET.....	3
MÅLGRUPPER.....	3
SKULESEKTOREN.....	3
<b>OVERSIKT OVER KOMMUNANE.....</b>	<b>3</b>
GJENNOMFØRTE TILTAK 2022.....	4
ARBEIDSGRUPPER.....	5
VIDAREUTDANNING (VU).....	5
LEIARUTVIKLING SKULE OG BARNEHAGE, LUIB-LUIS.....	5
DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING.....	5
KOMPETANSELØFTET FOR SPESIALPEDAGOGIKK OG INKLUDERENDE PRAKSIS – SPESKOMP.....	6
GJENNOMFØRING AV LOKALTGITT MUNNLEG EKSAMEN.....	7
SAMARBEID STATPED - NKR.....	7
DIALOGMØTE MED STATSFORVALTAREN.....	8
IKT- VERTØY OG KOMPETANSE.....	8
VAKSENOPPLÆRING.....	8
RETTLEIING TIL NYUTDANNA, NYTILSETTE LÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARAR.....	9
BARNEHAGESEKTOREN.....	9
OVERSIKT OVER KOMMUNANE.....	10
GJENNOMFØRTE TILTAK 2022.....	10
TILSYN.....	10
PLANLAGTE AKTIVITETAR.....	10
REGIONAL ORDNING FOR KOMPETANSEHEVING I BARNEHAGE.....	11
ETTERUTDANNING FOR STYRARAR OG PEDLEIARAR I BARNEHAGANE.....	12
VIGILO BARNEHAGE.....	12
SAMARBEIDSPARTAR.....	12
SAMARBEID MED ORGANISASJONANE.....	12
Vedlegg 1 - Avrekning.....	14
.....	14
Vedlegg 2 - Statuttar.....	15
Vedlegg 3 – Avtalar.....	17

## INNLEIING

NKR driv kontinuerleg arbeid med kompetanseheving innan skule-og barnehagesektoren, PPT og Vaksenopplæring.

Ulike fokus- og arbeidsområde, samlingar, kurs og ulike samarbeidsprosjekt strekkjer seg gjerne over år. Døme på tema/prosjekt/samarbeid som går over tid er:

- Leiarutvikling
- Rettleiing av nyutdanna, nytilsette i skule og barnehage.
- IKT, kjøp av programvare og implementering av program og ny kunnskap

Det er samheng mellom årsmeldingane frå eit år til eit anna. Deler av årsmeldingane til NKR må difor lesast og sjåast i samheng med dei føregåande årsmeldingane.

## MÅLSETJING

Hovudmålsetjinga for NKR er

- å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, vaksenopplæring og PPT.
- koordinere organisasjonsbasert utviklingsarbeid innan barnehage, skule, vaksenopplæring og PPT.
- Vera eit forum og ein reidskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling i oppvekstsektoren.

Jfr vedlegg 2 Statuttar for NKR.

## STYRET

Styrevervet:

Leiar: Kommunalsjef Olaf Hella  
Nestleiar: Kommunalsjef Trine Merete Jansen



Medlemmar:

Austrheim Kommune: Kommunalsjef Trine Merete Jansen  
Fedje Kommune: Rektor/skulefagleg ansvarleg Mona Vabø  
Alver Kommune: Kommunalsjef Kristin Moe og Tenesteleiar skule Jan Ove Johansen/Ingvild Moen frå april 2022.  
Masfjorden Kommune: Oppvekstleiar Rita Ludvigsen  
Modalen Kommune: Rektor /skulefagleg rådgjevar Jahn Olav Nordheim  
Osterøy Kommune: Leiar for Oppvekst, undervisning og kultur Monica Vabø Reigstad

Styreverksemd: Styret har hatt 11 møter og har handsama 109 saker.

## STATUTTAR

I samband med etablering av Alver kommune (tidlegare Radøy, Meland og Lindås kommune) og tid for revisjon av statuttane, vart det våren 2020 gjort eit arbeid med desse. Medlemskommunane i Nordhordland kompetanseregion er orientert om arbeidet og har signert ny samarbeidsavtale for 2020-2025. Statuttar og signerte samarbeidsavtalar ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Statuttane vart vedtekne i styremøte 20.11.20 for perioden 2020-22.

Hausten 2022 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med mandat frå styret til å revidere statuttane gjeldande frå 2023-2027.

## SEKRETARIATET

Siri Øksnes var utviklingskoordinator for regionssamarbeidet i 60 % stilling. Stillinga ligg under oppvekstsektoren i Alver kommune og utviklingskoordinator har kontor på rådhuset i Knarvik.

## MÅLGRUPPER

NKR planlegg, gjennomfører og evaluerer kompetanseheving og -utvikling for desse målgruppene:

- Tilsette i grunnskular/SFO: Assistent, fagarbeidar, lærar og leiar
- Tilsette i barnehagane: Barnehagelærar, pedagogiske leiar, assistent, fagarbeidar og styrar
- Tilsette i pedagogisk-psykologisk teneste
- Tilsette i vaksenopplæring på grunnskulenivå

## SKULESEKTOREN

### OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Tal pr. 1.oktober 2022 (Kjelde: [www.gsi.udir.no](http://www.gsi.udir.no))

Namn kommune	Tal skular	Tal lærarar	Tal assistentar	Tal årsverk *	Tal elevar
Alver	22	423	155	496.04	7856
Austrheim	2	39	16	48.12	337
Fedje	1	14	4	12.64	60
Masfjorden	3	38	13	40	204
Modalen	1	13	4	11.66	55
Osterøy	5	97	34	110.26	839

\*I årsverk er tatt med leiarar, undervisningspersonell og assistentar

## GJENNOMFØRTE TILTAK 2022

Aktiviteten i NKR vart også i år vore prega av koronapandemien i starten av 2022. I tillegg har digitale samlingar og møter har blitt vidareført som ein effektiv møteform for enkelte møter og samlingar.

Både sentralt gitt og lokalt gitt eksamen vart også avlyst i år.

Samlingar som har vore planlagt og gjennomførte

Fag/område	Vår	Haust	Tal deltakarar Målgruppe	Fagleg ansvar	Merknad
Planleggingsdag for skule	1 dag På teams	20.01.	219 påmeldte	Pål Roland	Autoritative voksne
Nettverkssamling rettleiarar	½ dag 25.01		4 rettleiarar til nyttilsette nyutdanna skule	NLA, Gunnvi Jokstad Sæle	Å vere veleder for nyutdanna. Frå visjon til virkelighet- eit krysspress mellom verdiar og realitetar?
Rettleiing til nyttilsette, nyutdanna lærarar	1 dg 16.03	1 dg 05.10	9 +11= 20	NLA, Gunnvi Jokstad Sæle	Tema: Å vere ny i jobben. Klasseleiing/ organisering av undervisning Problemretta veiledning i grupper.
Regional skuleleiar-samling	1 dag-samling på teams 18.03	2 dagarsamling på hotell 29.09-30.10	18.03 deltok 98 skuleleiarar  29.09-30.09 deltok 103 skuleleiarar	Kjerstin Owren, KS-Konsulent  Sølvi Lillejord	«Mobbe-forebygging i et fellesskaps-perspektiv»  En skole for vår tid.
Planleggingsdag for skule	1/2 dag På teams	04.11	247 påmeldte	Kjerstin Owren	Å skape laget gjennom faget

## ARBEIDSGRUPPER

Hausten 2022 sette styret ned 4 arbeidsgrupper:

<b>Arbeidsgruppe for:</b>	<b>Deltakarar:</b>	<b>Arbeid:</b>
STATUTTAR	Kristin Moe, Olaf Hella, Trine Merete Jansen	Høyringsprosess, revisjon
STEATEGISK KOMPETANSEPLAN	Trine Merete Jansen, Hilde Gunnarson, Ingvild Moen, Siri Øksnes	Høyringsprosess, revisjon
LOKALT GITT EKSAMEN	Mona Vabø, Morten Olsen Schulstad, Hans Henrik Stokke Karlsøen, Siri Øksnes	Revisjon av retningsliner i høve til munnleg og munnleg-praktisk eksamen.
LEIARUTVIKLING I OPPVEKST; LUIS-LUIB	Olaf Hella, Mona Hagewick, Bodil Rossnes, Trine Merete Jansen, Jahn Olav Nordheim, Morten Olsen Schulstad, Hilde Gunnarson, Vigdis Vikne, Vigdis Nordahl Hansen, Siri Øksnes.	Forprosjekt for å planlegge satsinga.

Arbeidsgruppene arbeida ut frå mandat vedtekne av styret.

## VIDAREUTDANNING (VU)

Det har i 2022 ikkje vore gjeve vidareutanningstilbod gjennom NKR. Koordinator vidareformidlar ulike tilbod som vert sendt til NKR til kommunane.

## LEIARUTVIKLING SKULE OG BARNEHAGE, LUIB-LUIS

NKR gjennomførte ein konkurranse for å knytte til seg kompetansmiljø i høve til leiarutviklingsprogrammet. Anbudet vart lagt ut i DOFFIN våren 2022, og konkurransen vart ferdigstilt i mai 2022. Vinnaren av konkurransen vart stiftelsen IMTEC, og NKR starta hausten 2022 opp med eit forprosjekt saman med dei for å planleggje ny kompetanserekkje- LUIB-LUIS. Arbeidsgruppa for denne satsinga hadde frå hausten jamnlege møter. Første samling i leiarutviklingsprogrammet skal finne stad våren 2023.

## DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

Frå 2017 innførte Kunnskapsdepartementet ein ny modell for kompetanseutvikling i skulen. Modellen består av tre ordningar. Ei desentralisert ordning, ei oppfølgingsordning og ei innovasjonsordning.

Statlege midlar vert kanalisert via Statsforvaltaren til kommunane gjennom regionane. Kommunane skal sjølve definere, prioritere og gjennomføre tiltaka for kompetanseutvikling med utgangspunkt i nasjonale mål og i samarbeid med universitet og høgskular. Bruken av dei statlege midlane skal bygge opp under kommunane sitt ansvar for kvalitetsutvikling, og skal stimulere til langsiktig samarbeid mellom kommunane og lærarutdanningane. Ordninga skal også bidra til utvikling av UH-sektoren si rolle som utviklingsaktør i skulen.

Det er gitt føringar for utviklingsområder som får tildelt midlar:

- Elevene skal ha et godt og inkluderende læringsmiljø
- Elevene skal mestre grunnleggende ferdigheter og ha god faglig kompetanse
- Flere elever og lærlinger skal gjennomføre videregående opplæring.

Midlane skal nyttast slik:

- bør favne så mange lærarar som mogeleg
- fremje kollektive prosessar for profesjonsutvikling

Det er vidare krav om at skuleeigar skal bidra med finansiering tilsvarande 30 % av dei statlege midlane. Eigendelen på 30 % kan vere heilt eller delvis i form av lønn/frikjøp dersom skuleeigar finn det mest hensiktsmessig for utviklingsarbeidet. Kommunar som av ulike grunnar ikkje ynskjer å delta i dette utviklingsarbeidet vil ikkje få tildelt midlar.

Ein kan lese om Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen her:

<https://www.statsforvalteren.no/portal/barnehage-og-opplaring/lokal-kompetanseutvikling-i-barnehage-og-grunnopplaring/desentralisert-ordning-for-grunnskoler-og-videregaende-skoler/>



NKR har hatt Desentralisert kompetanseutvikling på dagsorden dei fleste møter i 2022.

NKR har delteke i Samarbeidsforum Vestland med andre kompetanseregionar, Statsforvaltaren og UH-sektoren. Det har vore prosessar i den einskilde kommune, då kommunen sine prioriteringar må bygge på ei skulebasert vurdering av behov for kompetanseutvikling.

NKR fekk for 2022 tildelt midlar til 4 skular; Alversund skule, Sæbø skule, Seim skule og Ostereidet barneskule; alle i Alver kommune. Alver kommune har knytt til seg Lesesenteret i Stavanger som samarbeidspartnar. Arbeidet kom i gang med møter og planlegging hausten 2022, men det er gjort avtalar for oppstart skuleåret 2023/24.

## **KOMPETANSELØFTET FOR SPESIALPEDAGOGIKK OG INKLUDERENDE PRAKSIS – SPESKOMP**

Bakgrunnen for tilskotsordninga er at kompetansen omkring spesialpedagogikk og inkludering i praksis skal komma nærare barna som treng det. Dei som arbeider rundt barna treng kompetanse til å kunne førebyggje utanforskap, fange opp

utfordringar og gi eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har behov for særskilt tilrettelegging. Målgruppa for ordninga er tilsette i barnehage og skole, barnehage- og skuleeigarar, tilsette i PP-tjenesta og andre tverrfaglige tenester i kommunane og fylkeskommunane.

Statped endrar si rolle og skal vera involvert i saker kring barn som har størst behov for deira spisskompetanse. Endringa skal skje iløpet av ein femårsperiode, og dei vil vera ein ressurs i dette arbeidet fram til 2025.

Informasjon om tilskotsordninga finn ein her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>

Alver kommune søkte om midlar i denne ordninga, og starta eit partssamarbeid med UIO hausten 2022.

## **GJENNOMFØRING AV LOKALT GITT MUNNLEG EKSAMEN**

Ordninga med lokalt gitt eksamen vert i Nordhordland kompetanseregion administrert av utviklingskoordinator.

Arbeidet med å planlegge lokalt gitt munnleg eksamen som skulle bli avvikla for 16. gong våren 2022 vart ikkje starta dette året. Avlysinga av eksamen 2022 kom, frå sentralt hald, tidlegare i år enn året før. Dette medførte at sensorar ikkje vart meldt inn, samt sensorsamling vart avlyst. Det vart heller retta fokus mot å revidere gjeldande retningsliner (jfr. arbeidsgruppe), og førebu sensorsamling både for interne og eksterne sensorar, og eksamensadministratotar/skuleleiarar vårhalvåret i 2023.

Eksamen har ikkje vore gjennomført sidan 2019. Etter det er ny læreplan, LK20, innført og teken i bruk. Elevar på 10. trinn dette året var dei første som skulle hatt eksamen etter kompetansemåla i den nye læreplanen.

## **SAMARBEID STATPED - NKR**

Det har i 2022 ikkje vore møte mellom NKR og STATPED Vest.

Koordineringsgruppa hadde ei slik samansetjing:

Frå NKR: Olaf Hella, Mette Marei Træland

Frå Statped: Asgerd Eide og Tove Theie

Frå PPT: Bodil Rossnes



Etterutdanning for tilsette i PPT:  
SEVU-PPT, Samarbeid med NLA.

Statsforvaltaren har tildelt midlar til etterutdanning for tilsette i PPT. Siste samling SEVU– PPT vart gjennomført i november 2021.



## DIALOGMØTE MED STATSFORVALTAREN

Dei vart i 2021 gjort avtale om dialogmøte mellom NKR og Statsforvaltaren. Møtet vart gjennomført på nyåret 2022. Tema var kompetanseutvikling i regionen innanfor ordningane REKOMP, DEKOMP og SPESKOMP.

## IKT- VERTØY OG KOMPETANSE

Kommunane i regionen samarbeidar om digitalisering. Arbeidet med å sikre personvern gjennom DPIA og ROS-analysar krev også kompetanse og tid. Kvar kommune må drive arbeidet fram. Det er oppretta ei nettverksgruppe i IKTNH der representantar som leier utviklings- og implementeringsarbeid deltek.

## VAKSENOPPLÆRING

Det er tilbud om vaksenopplæring på Fedje, i Austrheim, i Osterøy og i Alver kommunar.

Sally K. Solberg, Alver kommune, er NKR sin representant i Statsforvaltarne si kontaktgruppe for vaksenopplæring i Vestland.

NKR fekk i 2022 tildelt kompetansutviklingsmidlar til vaksenopplæringa gjennom ordninga VOKSKOMP.

Det vart i august planlagt og gjennomført ei felles samling i Bergen for Vaksenopplæringa i Nordhordland i

samarbeid med vaksenopplæringane i Øygarden, Askøy, Bjørnafjorden og Austevoll.

Tema for dagen var fullføringsreforma, og kva den har å sei for organiseringa av vaksenopplæringa i kommunane og korleis samarbeide med vidaregåande skule.

Vidare var temaet også flyktingar frå Ukraina, med erfaringsdeling frå Bjørnafjorden kommune kring rutinar for rask busetjing, kartleggjingar av helse, kompetanse og behov samt introduksjonsprogram.

Leiarane i vaksenopplæringa deltek i kompetanseheving som skjer på regionale skuleleiarsamlingar og på nettverkssamlingar.



## RETTLEIING TIL NYUTDANNA, NYTILSETTE LÆRARAR OG BARNEHAGELÆRARAR

Det ligg til den einskilde kommune sitt arbeidsgjevaransvar at nyutdanna nytilsette får rettleiing. Som ei supplering til dette har kommunane gjennom NKR arrangert nettverkssamlingar for nytilsette og deira rettleiarar.

NKR har gjennom Ny i Hordaland fått fagleg innhald i samlingane frå NLA. Då nytilsette, nyutdanna oftast tek til i arbeidet i august, går planen for dette tilbodet frå frå august til august. I 2022 har NKR arrangert samlingar med fysisk oppmøte.

Den gjeldande rettleiaren for korleis veiledning til nyutdanna, nytilsette lærarar i barnehage og skule kan gjerast, finn ein her: [Udir - Veiledning av nyutdannede - hvordan kan det gjennomføres?](#)

## BARNEHAGESEKTOREN

### Statuttane:

#### 5. REGIONAL BARNEHAGEGRUPPE

Dette er eit eige forum for barnehage som er ein del av kompetanseregionen.

Kommunane peikar ut representant til denne gruppa.

Styret er representert ved nestleiar og utviklingskoordinator.

Jfr. Vedlegg 2.

Regional barnehagegruppe hadde i 2022 slik samansetjing:

Austrheim: Leiar Trine Merete Jansen, kommunalsjef oppvekst

Osterøy: Hilde Gunnarson, tenesteleiar

Modalen: Grete Urdal, styrar/barnehagefagleg ansvarleg

Alver: Mette Marei Træland, rådgjevar

Mona Chatlin Hagewick, tenesteleiar

Fedje: Stine Waage, styrar/barnehagefagleg ansvarleg

Masfjorden: Rita Ludvigsen, oppvekstleiar

Nestleiar, NKR: Trine Merete Jansen, Austrheim

Regional barnehagegruppe har hatt 6 møter og har handsama 37 saker.

I 2022 har det vore Austrheim kommune sin representant Trine Merete Jansen som har vore leiar.

I tillegg til å vere eit forum for felles kompetanseutvikling er den regionale arbeidsgruppa også ein arena der felles utfordringar på fleire område vert drøfta.



## OVERSIKT OVER KOMMUNANE

Kjelde: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-barnehage>

Namn kommune	Tal barnehagar	Tal born
Alver	27	1543
Austrheim	2	125
Fedje	1	16
Masfjorden	3	78
Modalen	1	24
Osterøy	7	418

I den nye statistikken som ligg på UDIR er det ikkje lenger tilgjengeleg tal tilsette eller tal årsverk.

Regional barnehagegruppe har i 2022 hatt følgjande fokusområde:

- Regional kompetanseheving barnehage - REKOMP
- Administrasjonsprogram/ Vigilo
- Tilsyn
- Felles utfordringar knytt til barnehagedrift

## GJENNOMFØRTE TILTAK 2022

Oversyn samlingar som har vore planlagt og gjennomført

Fag/område	Vår	Haust	Deltakarar/ målgr.	Fagleg ansvar
Rettleiing til nytilsette, nyutdanna barnehagelærarar	2 dg 19.01 09.06	1 dg 19.10	11 +5 + 11= 27	NLA, Kari Kvandal

## TILSYN

Statsforvaltaren arrangerte i 2020 ei digital samling med gjennomgang av lovverket i høve til roller og ansvar

jfr eigar og mynde. Kommunane i regionen hadde påfølgjande år ein gjennomgang på grensegangar mellom områda eigar/mynde. Alver kommune har 28 barnehagar og har ikkje hatt kapasitet til å bistå dei andre kommunane. Dei andre kommunane i regionssamarbeidet har byrja å sjå på kva avtalar dei kan gjera seg imellom.

## PLANLAGTE AKTIVITETAR

I 2022 fekk regionane tilbod om å arrangere ei samling der representantar frå statsforvaltaren skal stå for innhaldet. Temaet var fastsett: psykososialt barnehagemiljø med særleg fokus på aktivitetsplikta; barnehagelova kap 8. Målgruppe for samlinga er barnehagemynde, -eiar, og – styrarar. Barnehagegruppa har planlagt ei dagssamling, og den skal finne stad på Helsehuset i Knarvik den 19. april 2023.

## REGIONAL ORDNING FOR KOMPETANSEHEVING I BARNEHAGE

I 2018 starta UDIR opp Regional ordning for kompetanseheving i Barnehage. Ordninga held fram i 2022, og skal bidra til at barnehagar utvikler sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Den er eitt av fleire verkemidlar som skal sikre at alle barn får et likeverdig barnehagetilbud av høg kvalitet.

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling skal stimulere til godt samarbeid mellom barnehagemynde, barnehageeigarar, universitet og høgskuler, statsforvaltarar og andre aktører. Ordninga bør sjåast i sammenheng med andre satsingar og kompetansetiltak. Ordninga skal bidra til å støtte implementering av rammeplanen.

Sentrale punkt for ordninga er:

- Barnehagen vurderar sitt behov for kompetanseutvikling
- Samarbeidsforum utviklar en langsiktig plan for kompetanseutvikling, basert på behova i regionen.
- Kompetanseutviklingsplanen gir felles retning og betre føreseielege rammer for samarbeid for barnehager, eigarar, universitet og høgskular. Også for andre aktuelle aktørar.
- Aktørane bidreg til samskaping og gjensidig læring som endrar praksis.
- Universitet og høgskule får ein meir praksisnær kompetanse.
- Statsforvaltaren skal legge til rette for samarbeid

Statsforvaltaren legg til rette for samarbeid mellom aktørane. Udir tildeler midlar til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren fordeler midlane ut frå planen som eit samarbeidsforum (NKR) har blitt samde om. Midlane skal nyttast i tråd med Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver og kompetansestrategien Kompetanse for fremtidens barnehage.

Statsforvaltaren i Vestland har etablert Samarbeidsforum REKOMP Vestland, der private og kommunale eigarar, lokalt barnehagemynde og organisasjonane er representerte. Målet for forumet er at aktørane blir einige om en langsiktig plan for kompetanseutvikling. Planen skal gjelde for strategiperioden ut 2022.

Leiar i regional barnehagegruppe har vore Nordhordland kompetanseregion NKR sin representant i i Statsforvaltaren sitt samarbeidsforum. NKR har vedteke eit årshjul for REKOMP for å sikre at arbeidet med kartlegging av kompetansebehov vert gjort. Kvar einskild kommune har kartlagt behovet i sine barnehager. Dette vart så meldt inn i prosess i Regional barnehagegruppe.

Ein kan lese om regional ordning for barnehager her:

<https://www.statsforvalteren.no/nb/portal/Barnehage-og-opplaring/lokal-kompetanseutvikling-i-barnehage-og-grunnopplaring/regional-ordning-for-barnehager/>

I 2022 fekk Nordhordland kompetanseregion midlar til deltaking for 5 barnehagar. Det vart gjeve midlar både for felles satsing for regionen, og midlar til utvalde barnehagar til dei ulike kommunane. Barnehagane som vart prioriterte i 2022 var:

- Sandnes barnehage – Masfjorden kommune
- Indre Masfjorden barnehage- Masfjorden kommune
- Hauge barnehage – Osterøy kommune
- Prestmarka barnehage - Alver kommune
- Modalen barnehage – Modalen kommune

I tillegg til tilskot enkeltbarnehagar får regionen tilskot til grunn- og vidareutdanning for barnehagetilsette. Det vart i 2022 gjort revisjon for kriteria for tildeling. Kommunane informerer om dette tilbodet til sine barnehagar, handsamar søknader, utbetalar støtte og får refusjon på beløpet frå NKR.

## **ETTERUTDANNING FOR STYRARAR OG PEDLEIARAR I BARNEHAGANE**

Det har i 2022 ikkje vore gitt tilbod om etterutdanning for styrarar og pedagogiske leiarar.

## **VIGILO BARNEHAGE**

Gjennom IKTNH vart Vigilo valt som som administrasjonssystem etter ein anbodskonkurranse i 2019. Arbeidet med implemetering og utvikling har vore tema i møtene i regional barnehagegruppe også dette året. Det har vore ei særstør oppgåve for den einsskild kommunen å få implementert Vigilo på ein sikker og god måte. Innføringa har vore omfattande og har teke mykje tid. Arbeidet med å ta systemet i bruk held fram i 2022. Det er planlagt ei evaluering i 2023.



## **SAMARBEIDSPARTAR**

NKR har i 2022 samarbeidd med følgjande utdanningsinstitusjonar/ organisasjonar:

NLA	Norsk lærarakademi
HVL	Høgskulen i Vestland
IKT NH	IKT-Nordhordland
Statsforvaltaren i Vestland	

## **SAMARBEID MED ORGANISASJONANE**

Organisasjonane v/HTV i kommunane får innkalling/sakliste og referat.

Knarvik  
08.03.2022

Siri Øksnes, utviklingskoordinator

3 vedlegg: Avrekning, Statuttar og Avtale.

# Vedlegg 1 - Avrekning

## NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION (NKR)

### AVREKNING 2022

Elevtal: Kjeide GSI-rapportering 2020

	Rekneskap
Sum utgifter	1 120 432,56
Premiefond/-avvik	-44 554,00
Kurs/salisinntekter	
Komp mva	-64 054,46
Refusjoner	-2 172 278,00
Avsett til fond	1 964 842,00
Bruk av fond	-42 225,05
Netto til fordeling	762 163,05
Fast sum 10% av netto	76 216,31
Til fordeling etter elevtal	685 946,75

Vare      Inntektsførst  
8804 17500.6000.2901

Kommune	Elevtal	Fordelings- nøkkel	Fast sum	Etter elevtal	Fordeling	Fordelt skule - 60%	Fordelt barnehage - 40%	Akonto-krav	Avrekning
Alver	3767	71,37 %	12 702,72	489 572,07	502 274,79	301 364,87	200 909,92	404 000,00	98 274,79
Austrheim	356	6,74 %	12 702,72	46 266,96	58 969,68	35 381,81	23 587,87	47 000,00	11 969,68
Fedje	60	1,14 %	12 702,72	7 797,80	20 500,52	12 300,31	8 200,21	16 000,00	4 500,52
Masfjorden	210	3,98 %	12 702,72	27 292,31	39 995,03	23 997,02	15 998,01	32 000,00	7 995,03
Modalen	58	1,10 %	12 702,72	7 537,88	20 240,59	12 144,36	8 096,24	16 000,00	4 240,59
Osterøy	827	15,67 %	12 702,72	107 479,72	120 182,44	72 109,46	48 072,97	97 000,00	23 182,44
SUM	5 278	100 %	76 216,31	685 946,75	762 163,05				

Oignr	Knr	Merka
920 290 922	419 567	
948 350 823	404 785	
944 041 036	404 787	11950.2100.2020
945 627 913	400 082	
964 969 302	400 095	
864 338 712	405 248	

1700 Årets premieavvik	-25 065,00
1710 Amortisering tidl. års pr. avvik	3 592,00
1730 Premiefond	-23 081,00
	-44 554,00

## Vedlegg 2 - Statuttar

*Nordhordland kompetanseregion  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy*

### **STATUTTAR FOR NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION (NKR) 2020-2022**

1. NKR er eit samarbeidsorgan for Oppvekstsektoren i Nordhordland. Samarbeidet omfattar kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Alver.
  
2. HOVUDMÅLSETJINGA for regionen er
  - Å arbeida for å halda ved like og vidareutvikla kompetansen til personalet i barnehage, grunnskule, vaksenopplæringa og PPT
  - Å koordinera eit organisasjonbasert utviklingsarbeid innan
    - bhg
    - skule
    - VO
    - PPT
  - Vera eit forum og ein reiskap for dei deltakande kommunane til å fremja ei god fagleg utvikling i oppvekstsektoren
  
3. STRATEGI
  - Tydeleg leiarskap som tek opp dagsaktuelle, framtidsette tema
  - Bruk av kunnskapsbasert viten gjennom alt utviklingsarbeid
  - Tett kontakt med UH-sektoren og samarbeidspartnarane våre
  - Sektorielle og tverrfaglege lærande nettverk
  - Årleg evaluering av utvalde satsingsområde/kursrekkejer/nettverk
  
4. STYRET

Kvar kommune peikar ut representant til styret. Alver kommune kan ha to representantar i styret.  
Alver kommune har 2 stemmer, dei andre kommunane 1 stemme.  
Styret har ein representant frå regional barnehagegruppe.  
Styret vert konstituert med leiar og nestleiar.



Leiarvervet går på omgang mellom styremedlemmane, slik:  
Austrheim, Masfjorden, Alver, Osterøy. Funksjonstida er 3  
barnehage-/skuleår.  
Styret har høve til å setja ned ad hoc utval som arbeider med ulike oppgåver.  
Styret er vedtaksført når minst 50% av medlemmane er til stades.

5. REGIONAL BARNEHAGEGRUPPE

Dette er eit eige forum for barnehage som er ein del av kompetanseregionen.  
Kommunane peikar ut representant til denne gruppa.  
Styret er representert ved nestleiar og utviklingskoordinator.

6. UTVIKLINGSKOORDINATOR

Utviklingskoordinator er tilsett i Alver kommune. NKR kjøper tenester hjå Alver  
kommune, i samsvar med eigen avtale og er utøvande organ for styret.  
Utviklingskoordinator rapporterer til og førebur saker saman med styreleiar.  
Utviklingskoordinator kan representere NKR og ta del i ulike møte innanfor NKR  
sine ansvarsområde, etter avtale med styreleiar.

7. ØKONOMI

Fordelingsnøkkel:

10% av det totale kommunale tilskotet skal betalast som fast beløp frå alle kommunar.  
Dei resterande 90% skal reknast ut etter elevtal.  
Kravet til kommunane vert sendt årleg innan 01.12.

Det vert sett opp budsjett for kvart kurs/kursrekkje som det vert gitt tilbod om.  
Summen for dei einskilde kurstilboda vil variera. Minstesum for ein plass er. Kr. 250,-

NKR sender rekningane til kommunane i samsvar med tal deltakarar.

NKR sender krav for alle som er påmelde når fristen går ut.  
Avmelding skal skje ei veke før kursstart, via kursbasen. Viss ikkje avmelding er  
foretatt, vert det sendt krav om betaling.

8. ENDRING AV STATUTTAR

Endring av statuttane krev minst 4 stemmer. Statuttane skal evaluerast innan  
1.12.2022.

Statuttane er godkjende i NKR sitt styre 20.11.2020.

## Vedlegg 3 – Avtalar


*Nordhordland kompetanseregion  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masffjorden, Modalen og Osterøy*

### Avtale mellom Alver kommune og Nordhordland kompetanseregion- NKR 2020-2025

1. Alver kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 60% stilling frå 01.08.2020. Alver kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som næraste overordna.
2. Utviklingskoordinator får arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Alver kommune. Stillinga kan aukast ved at Alver kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren.
3. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2020 og vedteken fordelings-nøkkel.  
Fellesutgifter:  
a) Lønsutgifter for 60% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld løn, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og pålagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.)  
b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentleg regulativ.  
c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkja innanfor NKR sitt budsjett.  
d) Utgiftene til føring av rekneskap vert dekkja av ein fast årleg sum etter avtale.
4. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Alver får delegert mynde frå styret til å tilvisa til utbetaling på NKR sine konti.
5. Avtalen skal evaluerast seinast etter 2 år.

Denne avtalen byggjer på avtalen som vart underskriven i juni 2016, og er revidert i samband med arbeid med statuttane på styremøte 05.06.2020.

Knarvik 16.06.2020

  
Kristin Moe

Styreleiar NKR

Knarvik 16.06.2020

  
Ørjan Raknes Forthun

Rådmann

**Nordhordland kompetanseregion**  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy

Avtale mellom Austrheim kommune og Nordhordland  
kompetanseregion- NKR  
2020-2025


1. Alver kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 60% stilling frå 01.08.2020. Alver kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som næraste overordna.
2. Utviklingskoordinator får arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Alver kommune. Stillinga kan aukast ved at Alver kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren.
3. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2020 og vedteken fordelings-nøkkel.  
Fellesutgifter:  
a) Lønsutgifter for 60% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld løn, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og pålagte ytingar til trygd/ulukkesforskring.)  
b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentlig regulativ.  
c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkja innanfor NKR sitt budsjett.  
d) Utgiftene til føring av rekneskap vert dekkja av ein fast årleg sum etter avtale.
4. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Alver får delegert mynde frå styret til å tilvisa til utbetaling på NKR sine konti.
5. Avtalen skal evaluerast seinast etter 2 år.

Denne avtalen byggjer på avtalen som vart underskriven i juni 2016, og er revidert i samband med arbeid med statuttane på styremøte 05.06.2020.

Knarvik 16.06.2020

  
Kristin Moe  
Styreleiar NKR

Austrheim 16.06.2020

  
Bjørnar Fjellhaug  
Kommunalsjef oppvekst og kultur

**Nordhordland kompetanseregion**


for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenoppl ring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Oster y

Avtale mellom Fedje kommune og Nordhordland  
kompetanseregion- NKR  
2020-2025

1. Alver kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 60% stilling fr  01.08.2020.  
Alver kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som n raste overordna.
2. Utviklingskoordinator f r arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Alver kommune. Stillinga kan aukast ved at Alver kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren.
3. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2020 og vedteken fordelings-n kkel.  
Fellesutgifter:
  - a) L nsutgifter for 60% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld l n, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og p lagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.)
  - b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentlig regulativ.
  - c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkja innanfor NKR sitt budsjett.
  - d) Utgiftene til f ring av rekneskap vert dekkja av ein fast  rleg sum etter avtale.
4. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Alver f r delegert mynde fr  styret til   tilvisa til utbetaling p  NKR sine konti.
5. Avtalen skal evaluerast seinast etter 2  r.

Denne avtalen byggjer p  avtalen som vart underskriven i juni 2016, og er revidert i samband med arbeid med statuttane p  styrem te 05.06.2020.

Knarvik 16.06.2020

  
Kristin Moe  
Styreleiar NKR

Fedje 16.06.2020

  
Mona Vab   
Skulefagleg ansvarleg

*Nordhordland kompetanseregion  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenoppl ring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Oster y*

Avtale mellom Masfjorden kommune og Nordhordland  
kompetanseregion- NKR  
2020-2025

1. Alver kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 60% stilling fr  01.08.2020. Alver kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som n raste overordna.
2. Utviklingskoordinator f r arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Alver kommune. Stillinga kan aukast ved at Alver kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren.
3. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2020 og vedteken fordelings-n kkel. Fellesutgifter:
  - a) L nsutgifter for 60% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld l n, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og p lagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.)
  - b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentlig regulativ.
  - c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkka innanfor NKR sitt budsjett.
  - d) Utgiftene til f ring av rekneskap vert dekkka av ein fast  rl g sum etter avtale.
4. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Alver f r delegert mynde fr  styret til   tilvisa til utbetaling p  NKR sine konti.
5. Avtalen skal evaluerast seinast etter 2  r.


Denne avtalen byggjer p  avtalen som vart underskriven i juni 2016, og er revidert i samband med arbeid med statuttane p  styrem te 05.06.2020.

Knarvik 16.06.2020



Kristin Moe  
Styreleiar NKR

Masfjordnes 16.06.2020



Rita Ludvigsen  
Oppvekstleiar


**Nordhordland kompetanseregion**  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy

Avtale mellom Modalen kommune og Nordhordland  
kompetanseregion- NKR  
2020-2025

1. Alver kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 60% stilling frå 01.08.2020. Alver kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som næraste overordna.
2. Utviklingskoordinator får arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Alver kommune. Stillinga kan aukast ved at Alver kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren.
3. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifta av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2020 og vedteken fordelings-nøkkel.  
Fellesutgifter:
  - a) Lønsutgifter for 60% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld løn, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og pålagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.)
  - b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ dlett etter offentleg regulativ.
  - c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkja innanfor NKR sitt budsjett.
  - d) Utgiftene til føring av rekneskap vert dekkja av ein fast årleg sum etter avtale.
4. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Alver får delegert mynde frå styret til å tilvisa til utbetaling på NKR sine konti.
5. Avtalen skal evaluerast seinast etter 2 år.


Denne avtalen byggjer på avtalen som vart underskriven i juni 2016, og er revidert i samband med arbeid med statuttane på styremøte 05.06.2020.

Knarvik 16.06.2020



Kristin Moe  
Styreleiar NKR

Mo 16.06.2020



John Olav Nordheim  
Skulefagleg ansvarleg

**Nordhordland kompetanseregion**  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy

Avtale mellom Osterøy kommune og Nordhordland  
kompetanseregion- NKR  
2020-2025

1. Alver kommune tilset utviklingskoordinator i NKR i 60% stilling frå 01.08.2020. Alver kommune er arbeidsgjevar med kommunalsjef for oppvekst som næraste overordna.
2. Utviklingskoordinator får arbeidsplass knytt til Oppvekstsektoren i Alver kommune. Stillinga kan aukast ved at Alver kommune finansierer auka stilling t.d ved tilsetjing i oppvekstsektoren.
3. NKR v/styre dekkjer fellesutgiftene i samband med drifva av kompetanseregionen i samsvar med reviderte statuttar for Nordhordland kompetanseregion, juni 2020 og vedteken fordelings-nøkkel.  
Fellesutgifter:  
a) Lønsutgifter for 60% stilling +godtgjersle for eventuell (Dette gjeld løn, feriepengar, arbeidsgjevar-avgift og pålagte ytingar til trygd/ulukkesforsikring.)  
b) Reisegodtgjersle utover dagleg arbeidsreise+ diett etter offentlig regulativ.  
c) Nordhordland kompetanseregion sine utgifter til porto, telefon, kontorutgifter, samt merkantil hjelp 10 %, vert dekkja innanfor NKR sitt budsjett.  
d) Utgiftene til føring av rekneskap vert dekkja av ein fast årleg sum etter avtale.
4. Utviklingskoordinator attesterer for NKR, kommunalsjef for oppvekst i Alver får delegert mynde frå styret til å tilvisa til utbetaling på NKR sine konti.
5. Avtalen skal evaluerast seinast etter 2 år.

Denne avtalen byggjer på avtalen som vart underskriven i juni 2016, og er revidert i samband med arbeid med statuttane på styremøte 05.06.2020.

Knarvik 16.06.20

*Kristin Moe*

Kristin Moe  
Styreleiar NKR

Lonevåg 16.06.20

*Astrid Brandal Øvsthus*

Astrid Brandal Øvsthus  
Leiar skule